



Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

SANDNES KOMMUNE
Landbrukskontoret Sandnes,
Stavanger og Kvitsøy

Sandnes, 27.04.2018

Deres ref:
Saksbehandler: Brit Jorunn Haslemo

Vår ref: 18/04541-2
Arkivkode: ---

Uttale - Høring av forlag til endringer i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

Landbrukskontoret for Sandnes, Stavanger og Kvitsøy har vore i kontakt med bondelaga og bonde- og småbrukarlag i kommunane, og gir ein administrativt høyringsuttale. Uttalen vil bli referert i politisk utval.

Erfaringane til kontoret er at dagens regelverk er utfordrande, både for søkjar og forvaltninga. Dette fører til mykje skjønn, som igjen fører til feil i søknadar og ulik praktisering. Dette gjeld særleg der dyr går på blanda beite.

Når det gjeld alternativ 2a og 2b, kan ei slik løysing føra til at mange med blanda beite vil mista muligheten til å søkja om/ motta tilskot på utmarksbeite. Gardsbruka i Rogland har jamt over mykje innmarksbeite, noko som gjer at det må store areal med utmarksbeite til for å i det heile bli berettiga til å kunna søkja/ motta tilskot på utmarksbeite (har du t.d. 150 dekar innmarksbeit, må du ved alternativ 2b ha minimum 350 dekar utmarksbeite).

Etter vår vurdering at det beste forslaget å behalda dagens ordning, med nokre endringar og presiseringar: kravet om at «*hoveddelen av det daglige grovfôrinntaket til dyret skjer ved beiting*» er som direktoratet òg er inne på, vanskeleg å kontrollera. For å gjera det enklare kan kravet bli «erstatta» med ein tabell med normtal/ minimum krav til dekar pr dyr innan kvart dyreslag/ arealtype/ sone.

I tillegg bør det i søknadskjema leggjast inn obligatoriske merknadsfelt der ein skal føra inn dato dyra er slepte på beite og når dei er tekne inn frå beite. I tillegg bør det vea eit felt med beitetype; t.d. heiabeite/ utmarksbeite/ blanda beite, og evt. eit kommentarfelt. Då har forvaltninga betre utgangspunkt for å kunne kontrollere om dyra har gått på beite med «*tilfredsstillande beitemoglegheiter*» i minst 12/16 veker, evt. 5 veker på utmarksbeite.

Det vil vera utfordrande å finna ei ordning/ eit regelverk som både er enkelt og rettferdig, men Landbrukskontoret for Sandnes, Stavanger og Kvitsøy tilrår alternativ 1, med endringar og suppleringar som nemnt ovanfor.

Kristin Barvik
kommunaldirektør

Brit Jorunn Haslemo
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk produsert og krever ikke signatur.